



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Samfunnshuset i Volda
Dato: 31.03.2016
Tid: 16:00

Faste medlemmer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|----------------------------|-----------|---------------|
| Jørgen Amdam | Leiar | AP |
| Fride Schjølberg Sortehaug | Nestleiar | V |
| Hild Våge | Medlem | AP |
| Magnar Sunde | Medlem | AP |
| Margrete Trovåg | Medlem | AP |
| Uthman Abu Harbid | Medlem | AP |
| Bjørn Ytrestøyl | Medlem | AP |
| Odd Arne Folkestad | Medlem | FRP |
| Roald Arnold Espset | Medlem | FRP |
| Sindre Kvangarsnes | Medlem | FRP |
| Edvin Dale | Medlem | FRP |
| Dan Helge Bjørneset | Medlem | H |
| Sindre Rotevatn | Medlem | H |
| Per Svein Krøvel | Medlem | H |
| Arild Iversen | Medlem | KRF |
| Margrete Bjerkvik | Medlem | KRF |
| Anders Egil Straume | Medlem | KRF |
| Henning Holsvik | Medlem | KRF |
| Erlend Koppen | Medlem | KRF |
| Øyvind Festø | Medlem | MDG |
| Odd Harald Sundal | Medlem | SP |
| Sølvi Dimmen | Medlem | SP |
| Rebecca Riise Bjerknæs | Medlem | SP |
| Gunnar Strøm | Medlem | SV |
| Benedikte Holmberg | Medlem | V |

Faste medlemmer som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-----------------|----------|---------------|
| Erlend Krumsvik | Medlem | KRF |
| Åshild Vik | Medlem | SV |

Varamedlemer som møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---------------------------|-----------------|---------------|
| Einar Børtveit | Erlend Krumsvik | KRF |
| Anne Natvik | Åshild Vik | SV |
| Jan Øystein Håvik Holsvik | Sak PS 28/16 | SP |

| | | |
|------------------------|---|-----|
| Inger Tove B. Simonnes | Arild Iversen under handsaming av sakene PS 34/16-38/16 | KRF |
|------------------------|---|-----|

Frå administrasjonen møte:

| | |
|----------------|--------------------------------|
| Namn | Stilling |
| Rune Sjørgard | Rådmann |
| Henrik Skovly | Økonomisjef - sak PS 34/16 |
| Arne Gotteberg | Kommuneoverlege - sak PS 37/16 |

Dagleg leiar Jostein Støylen i Vest Kontroll var til stades og orienterte om kontrollutvalet i høve sak PS 35/16.

Det var 27 røysteføre til stades i starten av møtet.

SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|----------------|---|
| PS 26/16 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 27/16 | Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte |
| PS 28/16 | STYRK arbeid - ny bil |
| PS 30/16 | Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2015 |
| PS 31/16 | Kommunal garanti - lån til kyrkjelege investeringar 2015 |
| PS 35/16 | Årsmelding for kontrollutvalet for 2015 |
| PS 37/16 | Legevakt på Søre Sunnmøre - prosjekt om framtidig organisering |
| PS 32/16 | Justering av lånegarantiar - VTI Fotball |
| PS 33/16 | Klage på vedtak - avslag om fritak frå eigedomsskatt, Studentsamskipnaden |
| PS 34/16 | Finansrapport 2015 (passiva) |
| PS 36/16 | Samarbeidsavtale og tenesteytingsavtale mellom Volda kommune og Volda kyrkjelege felle råd |
| PS 38/16 | Valdskoordinator |
| PS 39/16 | Rassikring av FV 40 Lauvstad-Folkestad |

- PS 40/16 **ORIENTERINGSSAKER**
- OS 9/16 **Protokoll frå Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 03.03.16**
- OS 10/16 **Prioritering av investeringsmidlar til ny gravemaskin til vatn og avløps arbeid**
- OS 11/16 **Møte den 30.03.16 med Statens vegvesen i lag med Ørsta kommune - felles vegpakke for Ørsta og Volda**
- OS 12/16 **Forhandlingsmøte den 01.04.16 med Hornindal og Stryn kommunar**
- OS 13/16 **Neste kommunestyremøte er flytta til 21.04.16 på høgskulen**
- PS 41/16 **DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE**
- DS 37/16 **Ferdigattest, bustad og tilbygg Gbr 20/532**
- DS 38/16 **Løyve til tiltak, einebustad og garasje Gbr 160/33**
- DS 39/16 **Løyve til tiltak, naust Gbr 4/3**
- DS 40/16 **Løyve til tiltak, skytebane Aldalen**
- DS 41/16 **Mellombels bruksløyve Gbr 11/99**
- DS 42/16 **Løyve til tiltak, bruksendring Gr 107/4**
- DS 43/16 **Ferdigattest Gbr 20/52**
- DS 44/16 **Ferdigattest, turveg**
- DS 45/16 **Løyve til tiltak, påbygg Gbr 13/4**
- DS 46/16 **Mellombels bruksløyve Gbr 20/494**
- DS 47/16 **Ferdigattest, bustad Gbr 21/166**
- DS 48/16 **Mellombels bruksløyve Gbr 18/423/0/17**
- DS 49/16 **Rammeløyve Gbr 101/1 og 5**
- DS 50/16 **Mellombels bruksløyve, garasje Gbr 18/311**

PS 26/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Innkallinga med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 17.03.16.

Ordføraren orienterte om praksisen med innkallingar til møta og viste til det utdelte dokumentet.

Spørsmålet om kunngjering av møta vert å ta opp på eit seinare møte.

Arild Iversen stilte spørsmål om arkiveringa av videooverføringane av kommunestyremøta.

Røysting:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Ordføraren sa at møtet var lovleg sett.

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om å trekke sak PS 29/16 frå saklista. Saka vert å handsame på neste møte. Sak PS 34/16 vert å handsame når Jostein Støylen møter for å orientere om kontrollutvalet. Vidare ville han setje to OS-saker på saklista.

Røysting:

Saklista med endringane og tillegga frå ordføraren vart samrøystes godkjent.

Dokument lagt ut på lesebretta den 30.03.16:

Handsaminga i formannskapet vedk. k-sak PS 36/16 - Samarbeidsavtale og tenesteytingsavtale mellom Volda kommune og Volda kyrkjelege fellestråd

Dokument utdelt på møtet:

Vedtaket i k-sak PS 185/13 - årsbudsjett 2014 - økonomiplan 2014-2017 med utdrag frå saksutgreiinga og oversikt over innsparingsforslag ved servicekontoret. (Vedk. stansing av annonsering av kommunestyremøte i Møre).

PS 27/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte den 25.02.16 vart samrøystes godkjent.

PS 28/16 STYRK arbeid - ny bil

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å løyve 350.000,- til bil for STYRK arbeid. Løyvinga vert å finanisere ved bruk av ubundet investeringsfond.

Handsaming:

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om han var ugild. Han har arbeidsplassen sin ved Styrk arbeid og har levert kravspesifikasjonen til saka, jf fvl §6, kl §40 nr. 3 a. Odd Harald Sundal tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om ugildskap. Jan Øystein Håvik Holsvik var kalla inn på førehand, og han tok sete som vara.

Røysting vedk. ugildskap:

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjend ugild.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet fekk 23 røyster og vart vedteken. Fire røysta mot.

Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016

Kommunestyret vedtek å løyve 350.000,- til bil for STYRK arbeid. Løyvinga vert å finansiere ved bruk av ubundet investeringsfond.

Jan Øystein Håvik Holsvik gjekk, og Odd Harald Sundal tok sete.

PS 30/16 Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2015**Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:**

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2015 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegga i denne saka.

Handsaming:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om han var ugild. Han er medlem i styret i Volda kulturnæringshage, jf kl. §40, fvl § 6, 1. ledd, bokst. e. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om ugildskap.

Røysting vedk. ugildskap:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjend ugild.

Det var såleis 26 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2015 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegga i denne saka.

Odd A. Folkestad tok sete.

PS 31/16 Kommunal garanti - lån til kyrkjelege investeringar 2015

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

Under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning gir Volda kommune Volda kyrkjelege fellesråd ein sjølvskyldnarkausjon for ei låneramme på inntil kr. 5.000.000 -, med tillegg av 10%, med tillegg av inntil 2 år. Låneramma skal nyttast til investeringar slik det går fram av søknaden frå Volda kyrkjelege Fellesråd d.s. 22.02.2016.

Låneramma og garantiane vert fordelt slik:

- *Lån kr. 3.250.000,- med tillegg av 10% i 25 år med tillegg av inntil 2 år.*
- *Lån kr. 1.750.000,- med tillegg av 10% i 38 år med tillegg av inntil 2 år.*

Garantiansvaret vert å redusere i takt med nedbetalinga på låna.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016

Under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning gir Volda kommune Volda kyrkjelege fellesråd ein sjølvskyldnarkausjon for ei låneramme på inntil kr. 5.000.000 -, med tillegg av 10%, med tillegg av inntil 2 år. Låneramma skal nyttast til investeringar slik det går fram av søknaden frå Volda kyrkjelege Fellesråd d.s. 22.02.2016.

Låneramma og garantiane vert fordelt slik:

- *Lån kr. 3.250.000,- med tillegg av 10% i 25 år med tillegg av inntil 2 år.*
- *Lån kr. 1.750.000,- med tillegg av 10% i 38 år med tillegg av inntil 2 år.*

Garantiansvaret vert å redusere i takt med nedbetalinga på låna.

PS 35/16 Årsmelding for kontrollutvalet for 2015

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2015.

Handsaming:

Dagleg leiar Jostein Støylen ved Vest Kontroll var til stades og orienterte om kontrollutvalet sine oppgåver og rolle i det kommunale systemet.

Røysting:

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016

Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2015.

PS 37/16 Legevakt på Søre Sunnmøre - prosjekt om framtidig organisering

Tilråding i formannskapet - 23.02.2016 til kommunestyret:

Volda kommunestyre vedtek å delta og støtte opp eit prosjekt for å greie ut framtidig organisering av legevakta på Søre Sunnmøre.

Sjustjerna helse- og omsorg får funksjonen som styringsgruppe. Styringsgruppa søker finansiering av prosjektet, tilset prosjektleiar og oppnemner prosjektgruppe. Dersom det blir behov for kommunal medfinansiering utover arbeidsinnsats frå kommunalt tilsett personell, skal det bli lagt fram som eiga sak.

Tillitsvalte for legane i kommunane på Søre Sunnmøre fungerer som ei referansegruppe. Volda kommune inviterar ein brukarrepresentant til medlem i referansegruppa for brukarar.

Handsaming:

Kommuneoverlege Arne Gotteberg orienterte om nye krav til organisering av legevakt.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016

Volda kommunestyre vedtek å delta og støtte opp eit prosjekt for å greie ut framtidig organisering av legevakta på Søre Sunnmøre.

Sjustjerna helse- og omsorg får funksjonen som styringsgruppe. Styringsgruppa søker finansiering av prosjektet, tilset prosjektleiar og oppnemner prosjektgruppe. Dersom det

blir behov for kommunal medfinansiering utover arbeidsinnsats frå kommunalt tilsett personell, skal det bli lagt fram som eiga sak.

Tillitsvalte for legane i kommunane på Søre Sunnmøre fungerer som ei referansegruppe. Volda kommune inviterar ein brukarrepresentant til medlem i referansegruppa for brukarar.

PS 32/16 Justering av lånegarantiar - VTI Fotball

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

- 1. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 10 000 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- A. Garantien er ein simpel kausjon.*
- B. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 30 år.*
- C. Garantien erstattar noverande garanti på 13 mill kr, vedtatt av Kommunestyret i PS 113/13.*

- 2. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 1.665.000,- på dei vilkår som framgår av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- D. Garantien er ein simpel kausjon.*
- E. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 10 år.*
- F. Garantien erstattar noverande garanti på kr 2.830.000, vedtatt av Kommunestyret 19. desember 2006.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016

- 1. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 10 000 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- A. Garantien er ein simpel kausjon.*
- B. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 30 år.*
- C. Garantien erstattar noverande garanti på 13 mill kr, vedtatt av Kommunestyret i PS 113/13.*

- 2. Under føresetnad av tilfredstillande lånetilsegn, og med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, vil Volda kommune gje kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 1.665.000,- på dei vilkår som framgår av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- D. Garantien er ein simpel kausjon.*
- E. Garantien skal avkortast i takt skissert nedbetalingsplan for lånet, maksimalt 10 år.*
- F. Garantien erstattar noverande garanti på kr 2.830.000, vedtatt av Kommunestyret 19. desember 2006.*

PS 33/16 Klage på vedtak - avslag om fritak frå eigedomsskatt, Studentsamskipnaden

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret kjem klagen i møte. Vi viser til Eigedomsskattelova 7a og gjev studentsamskipnaden i Volda fritak for eigedomsskatt. Dette vert dekt ved bruk av ubundne disposisjonsfond.

Handsaming:

Anders Egil Straume, Krf, kom med fylgjande framlegg som var likelydande med tilrådinga frå administrasjonen:

Kommunestyret finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som gir grunn til endra konklusjon i saka. Kommunestyret held såleis fast på vedtak i sak PS 6/16 og gir ikkje fritak for eigedomsskatt til Studentsamskipnaden for Sunnmøre.

Arild Iversen fekk permisjon og gjekk. Det var såleis 26 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Prøverøysting:

Framlegget frå Anders Egil Straume fekk 13 røyster.

Tilrådinga frå formannskapet fekk 13 røyster.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom framlegget frå Straume og tilrådinga frå formannskapet, fekk tilrådinga frå formannskapet 17 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Straume fekk ni røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016

Kommunestyret kjem klagen i møte. Vi viser til Eigedomsskattelova 7a og gjev studentsamskipnaden i Volda fritak for eigedomsskatt. Dette vert dekt ved bruk av ubundne disposisjonsfond.

Inger-Tove Simonnes tok sete som vara for Arild Iversen. Det var 27 røysteføre til stades i framhald av møtet.

PS 34/16 Finansrapport 2015 (passiva)

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

Finansrapport 2015 (passiva) vert teken til vitende.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016

Finansrapport 2015 (passiva) vert teken til vitende.

PS 36/16 Samarbeidsavtale og tenesteytingsavtale mellom Volda kommune og Volda kyrkjelege fellelråd

Tilråding i formannskapet - 23.02.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner revidert samarbeidsavtale mellom Volda kommune og Kyrkjeleg fellelråd.

Den praktiske tenesteytinga innanfor samarbeidsavtalen og godkjent budsjett vert regulert i den administrative tenesteytingsavtalen.

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart lagt ut på lesebretta den 30.03.16.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016

Kommunestyret godkjenner revidert samarbeidsavtale mellom Volda kommune og Kyrkjeleg fellesråd.

Den praktiske tenesteytinga innanfor samarbeidsavtalen og godkjent budsjett vert regulert i den administrative tenesteytingsavtalen.

PS 38/16 Valdskoordinator**Tilråding i formannskapet - 23.02.2016 til kommunestyret:**

Kommunestyret syner til at budsjettet for 2016 er vedteke med eit negativt netto driftsresultat på kr 10,2 millionar. Formannskapet ber om at valdskoordinator i 20 % stilling vert å vurdere i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.

Handsaming:

Gunnar Strøm, SV, kom med fylgjande framlegg:

Volda kommune gjenopprettar stillinga som Valdskoordinator i 20%. Stillinga blir i 2016 finansiert av ledige midler i løyvinga til kommunepsykologen. Stillinga skal førast vidare i budsjetthandsaminga for 2017 og økonomiplanen for 2017-2020.

Hild Våge, AP, kom med fylgjande framlegg:

Kommunestyret bed om at valdskoordinator i 20 % stilling vert å innarbeide i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.

Hild Våge trekte framlegget sitt.

Anders Egil Straume, Krf, fremma framlegg likelydande med Hild Våge sitt framlegg.

Prøverøysting:

Framlegget frå Gunnar Strøm fekk 12 røyster. 15 røysta mot.

Framlegget frå Anders Egil Straume fekk 17 røyster. 10 røysta mot.

Tilrådinga frå formannskapet fekk sju røyster. 20 røysta mot.

Røysting:

Framlegget frå Gunnar Strøm fekk 10 røyster og fall. 17 røysta mot.
Framlegget frå Anders Egil Straume fekk 23 røyster og vart vedteke. Fire røysta mot.
Tilrådinga frå formannskapet fekk fire røyster og fall. 23 røysta mot.

Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016

Kommunestyret bed om at valdskoordinator i 20 % stilling vert å innarbeide i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.

Arild Iversen kom no, og Inger-Tove Simonnes gjekk.

PS 39/16 Rassikring av FV 40 Lauvstad-Folkestad

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommunestyre viser til k-sak 64/12, f-sak 24/13 og til fleire korrespondansar om rassikring av FV 40, og ber nok ein gong om at fylkeskommunen prioriterer rassikring av vegen. I første omgang ber vi om rassikring av dei fem raspunkta kommunen tidlegare har gjort framlegg om, og som kommunen har signalisert medverknad i planlegginga av. Kommunestyret viser i denne samanheng til fylkestinget sitt vedtak i sak T-73/13 og forventar at dette vert følgt opp.*
- 2. Kommunestyret vil vidare påpeike at vegen er einaste ferdselsåre for innbyggjarar og pendlarar inn og ut av Dalsfjordområdet. Volda kommunestyre forventar at fylkeskommunen som regional utviklingsaktør tek på alvor at folket i Dalsfjorden treng ein trygg veg å ferdist på og ein veginfrastruktur som gjev næringslivet grunnleggjande rammevilkår for utvikling.*

Handsaming:

Krf v/Erlend Koppen kom med fylgjande alternativt framlegg:

- 1. Volda kommunestyre viser til k-sak 64/12, f-sak 24/13 og til fleire korrespondansar om rassikring av FV 40 i Dalsfjorden, og ber nok ein gong om at fylkeskommunen prioriterer rassikring av vegen. I første omgang ber vi om rassikring av dei fem raspunkta kommunen tidlegare har gjort framlegg om, og som kommunen har signalisert medverknad i planlegginga av.*
- 2. Kommunestyret viser i denne samanheng også til fylkestinget sitt vedtak i sak T-73/13:*

I samband med fullfinansiering og fullføring av Røyr-Hellesylt byggetrinn 3 vil det i komande år bli fristilt skredsikringsmidlar til andre prosjekt. Av slike mindre

prosjekt jfr vedtak i rassikringsplanen avgrensa til kr 10 mill som kan gjennomførast raskt, vil fylkestinget spesielt påpeike rasutsett strekning FV 40 i Dalsfjorden.

Kommunestyret forventar at dette vedtaket no vert følgt opp.

3. Vi vil vidare påpeike at vegen er einaste ferdselsåre for innbyggjarar og pendlarar inn og ut av Dalsfjordområdet. Brukarar av vegen opplever ikkje sjeldan at fylkesvegen vert stengd og innbyggjarane vert isolert på grunn av snø-, jord-, og steinras. Volda kommune har ved fleire høve opplevd dette som utfordrande for vårt beredskapsansvar.
4. Volda kommunestyre forventar at fylkeskommunen som regional utviklingsaktør tek på alvor at folket i Dalsfjorden treng ein trygg veg å ferdast på og ein veginfrastruktur som gjev næringslivet grunnleggjande rammevilkår for utvikling.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom framlegget frå Krf v/Erlend Koppen og tilrådinga frå formannskapet, fekk framlegget frå Krf 27 røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 31.03.2016

1. *Volda kommunestyre viser til k-sak 64/12, f-sak 24/13 og til fleire korrespondansar om rassikring av FV 40 i Dalsfjorden, og ber nok ein gong om at fylkeskommunen prioriterer rassikring av vegen. I første omgang ber vi om rassikring av dei fem raspunkta kommunen tidlegare har gjort framlegg om, og som kommunen har signalisert medverknad i planlegginga av.*
2. *Kommunestyret viser i denne samanheng også til fylkestinget sitt vedtak i sak T-73/13:*

I samband med fullfinansiering og fullføring av Røyr-Hellesylt byggetrinn 3 vil det i komande år bli fristilt skredsikringsmidlar til andre prosjekt. Av slike mindre prosjekt jfr vedtak i rassikringsplanen avgrensa til kr 10 mill som kan gjennomførast raskt, vil fylkestinget spesielt påpeike rasutsett strekning FV 40 i Dalsfjorden.

Kommunestyret forventar at dette vedtaket no vert følgt opp.

3. *Vi vil vidare påpeike at vegen er einaste ferdselsåre for innbyggjarar og pendlarar inn og ut av Dalsfjordområdet. Brukarar av vegen opplever ikkje sjeldan at fylkesvegen vert stengd og innbyggjarane vert isolert på grunn av snø-, jord-, og steinras. Volda kommune har ved fleire høve opplevd dette som utfordrande for vårt beredskapsansvar.*
4. *Volda kommunestyre forventar at fylkeskommunen som regional utviklingsaktør tek på alvor at folket i Dalsfjorden treng ein trygg veg å ferdast på og ein veginfrastruktur som gjev næringslivet grunnleggjande rammevilkår for utvikling.*

PS 40/16 Orienteringssaker

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til orienteringssakene.

OS 9/16 Protokoll frå Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 03.03.16

OS 10/16 Prioritering av investeringsmidlar til ny gravemaskin til vatn og avløps arbeid

OS 11/16 Møte den 30.03.16 med Statens vegvesen i lag med Ørsta kommune - felles vegpakke for Ørsta og Volda

Ordføreren refererte frå møte med Statens vegvesen som vart halde den 30.03.16 i Ørsta. Det skal lagast ei sak som skal handsamast politisk i Volda og Ørsta.

OS 12/16 Forhandlingsmøte den 01.04.16 med Hornindal og Stryn kommunar

Det vert halde møte med Hornindal og Stryn kommunar den 01.03.16 kl. 13:00 på Volda rådhus. Møtet er ope for publikum.

OS 13/16 Neste kommunestyremøte er flytta til 21.04.16 på høgskulen

Datoen for neste møte er endra til 21.04.16 fordi ein vil gjennomføre møtet på same dag som Ørsta kommune. Intensjonsavtalen mellom Volda og Ørsta skal handsamast. Det vert synfaring i sak Planid 2012007 - detaljregulering - B58 bustadområde Bratteberg/Heltne. Møtet vert halde på høgskulen p.g.a. at samfunnshuset ikkje er ledig.

PS 41/16 Delegerte saker frå avdelingane

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 18:50.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
01.04.2016

Unni Strand
sekr.